

# Lytting 8.klasse

Kjenneteikn og særtrekk ved ulike stilartar.

## Kunnskapsløftet:

-Kjenne igjen og beskrive musikalske stiltrekk frå improvisert musikk og rytmisk musikk.

-Diskutere særtrekk ved rytmisk musikk, kunstmusikk og norsk, samisk og andre kulturars folkemusikk og gjere greie for egne musikkpreferansar.

-Kjenne igjen og nemne ulike instrument og ensemble innanfor ulike sjanger.

## Du skal kunne:

- namna på ulike stilartar
- særtrekk på stilartane
- vite namna på ulike instrument
- artist- og gruppenamn

-lytte på Youtube. Litt reklame før einskilde videoar ☹

**NB! Når du klikkar deg inn på lenkjene, kan det hende du ikkje får opp musikken/videoen. Viss dette skjer, kopierer du artist og tittelen på låten og limer det inn i Youtube.**

	Stilart	Artist/ Gruppe	Kjenneteikn/særtrekk
	<b>RYTMISK MUSIKK</b>		
1	Negro Spirituel 1800 - 1900	<b>The Golden gate quartet</b> "Down by the riverside"	1. Rop og svar 2. Tekst frå bibelen (Gamle testamentet) 3. Melodien bygd på pentaton-skala (5-toneskala) 4. Rytmisk melodiar.(Synkopert). Sjå og lytt på Youtube: <a href="http://www.youtube.com/watch?v=LvyI17pCjY">http://www.youtube.com/watch?v=LvyI17pCjY</a>
2	Blues (Moderne) 1950-åra	<b>Muddy Waters</b> "Hoochie coochie man"	Tok i bruk elektriske instrument. Gjerne to el-gitarar. Fast skjema på 12 takter. <b>Den mest kjende bluesforma er: 12- taktars blues.</b> Brukte gjerne berre 3 akkordar. (1.trinn, 4. trinn og 5.trinn). Legg merke til gitar-riffet. Gitar riff: Noko som gitaristen spelar som er lett å hugse og som lett «set seg i hovudet». Sjå og lytt på Youtube: <a href="http://www.youtube.com/watch?v=ERJ3rre99i0">http://www.youtube.com/watch?v=ERJ3rre99i0</a>
3	Rock and roll 1950-åra	<b>Chuck Berry</b> "Johnny be good"	Bassisten spela boogiebass(gå-bass) slik som i swingjazzen og melodiane følgde som regel eit bluesskjema. Utgangspunkt ein <u>12-taktars blues.</u> Melodiane er varierte og fell lett i øyra. Det som skil dette frå blues, var at songane gjekk litt fortare og at dei ofte hadde eit fengande refreng. Sjå og lytt på Youtube: <a href="http://www.youtube.com/watch?v=AEq62iQo0eU">http://www.youtube.com/watch?v=AEq62iQo0eU</a>
4	Beat og pop. Rock i 1960-åra.	<b>The Beatles</b> "She loves you"	Beatgruppe: <u>la meir vekt på melodien enn på riffet og rytmen var ikkje så dominerande som i amerikansk rhythm and blues.</u> Bestod av elgitarar, elbass og slagverk. The Beatles forandra rock'n roll frå å vere ungdomsopprør til å bli musikk for konsertsalen. "Beatlemania" (Beatleshysteri). <u>Det nye var: dei skreiv sine egne songar, eksperimenterte med</u>

			<p>musikk, studioeffektar og lyd, musikken nådde etter kvart alle lag og alle aldersgrenser, lyttemusikk. Britisk invasjon i amerikansk musikkliv, gav inspirasjon til amerikanske grupper som tok over og utvikla den vidare: The Beach Boys.</p> <p>Sjå og lytt på Youtube:  <a href="http://www.youtube.com/watch?v=QoF-7VMMihA">http://www.youtube.com/watch?v=QoF-7VMMihA</a>          (Beatlemania i bakgrunnen ☺)  <a href="http://www.youtube.com/watch?v=jGk1F3T8BFY">http://www.youtube.com/watch?v=jGk1F3T8BFY</a></p>
5	Tungrock 1970-åra	<b>Black Sabbath</b> "Paranoid"	<p>Nye impulsar inn i rocken etter Beatles-perioden. Prøvde å gå nye vegar innan tekstar, klangar, rytmar og melodiar. Lytta til modernistisk klassisk musikk, jazz og folkemusikk. Ny litteratur og kunst inspirerte mange musikarar. Dette førte noko nytt inn i rocken, men dei heldt fast ved noko av det gamle, særleg rock and roll-rytmen og backbeatet.</p> <p><u>Artistane innanfor tungrock la vekt på instrumental ferdighet kombinert med ein tung, rockete rytme. Vreng på gitaren.</u></p> <p>Hammondorgel. <u>Avanserte instrumentsoloar</u>, både improviserte og innstuderte. Feire tungrockgrupper fall for freistinga til å spele på okkultisme og svart magi= negativt rykte.</p> <p>Sjå og lytt på Youtube:  <a href="https://www.youtube.com/watch?v=J4Eu6pFmXCg">https://www.youtube.com/watch?v=J4Eu6pFmXCg</a></p>
6	Punk Slutten av 1970-åra	<b>The Clash</b> "London Calling".  The Sex Pistols "God save the Queen"	<p>Rocken protesterer mot seg sjølv. Ein rå stil med opprørske tekstar. Punkarane protesterte mot musikk ved å lage ikkje-musikk eller antimusikk.</p> <p>Meir:</p>
7	80-tals pop	<b>Michael Jackson</b> «Bad»	<p>Musikkvideo (MTV) blei veldig viktig. Superstjerner på video. Synthesizeren(eit slags keyboard med mange effektar og knappar) fekk ein meir dominerande plass i lydbiletet. Perfeksjonerer lydbiletet. Artistane kunne skape sitt eige "sound" på nye og fantastiske måtar gjennom mykje bra teknisk utstyr. Sosialt engasjement. Rocken tek ansvar.</p> <p>Sjå og lytt på Youtube:  <a href="https://www.youtube.com/watch?v=dsUXAEzaC3Q">https://www.youtube.com/watch?v=dsUXAEzaC3Q</a></p>
8	Norsk Rock 80-talet	<b>Dum Dum Boys</b> „Splitter pine“ The Prudence	<p>Dum Dum Boys hadde stor suksess i Noreg på 1980-talet. Comeback for nokre år sidan.</p> <p>The Prudence skreiv musikk og tekstar sjølv. Stor originalitet både i lydbiletet, spelestil og tekst. Tilførte norsk rock noko nytt.</p>
9	Rap / Hip Hop  90-talet	<b>Jay-Z</b> "Empire State of Mind" (feat: Alicia Keys) (2009)	<p>Mykje kraftig rytmekomp med slagverk og andre instrument, teksten resiteres rytmisk(rap) i staden for å synge. Kulturen rundt rappen blir ofte kalla <i>hiphop</i> og omfattar både musikk, dans og biletkunst. Sosialt engasjement i tekstane. Mange rapparar har mange kvinnefiendtlege og rasistiske tekstar med innslag av grove skjellsord.</p> <p>Sjå og lytt på Youtube:  <a href="https://www.youtube.com/watch?v=z4tqij8zsOU">https://www.youtube.com/watch?v=z4tqij8zsOU</a></p>

FOLKEMUSIKK			
10	Norsk folkemusikk	<b>Norwegian hallingdans</b> vikingskog	<b>Halling.</b> Opphavleg pardans. Taktart: 2-takt, 2/4. Startar sakte og går fortare og fortare. Gutane skulle vise kven som var sprekast. Sparka hatten av stokken. Instrumentet du høyrer er hardingfele. Sjå og lytt på YouTube: <a href="http://www.youtube.com/watch?v=AsSgANUfnQQ">http://www.youtube.com/watch?v=AsSgANUfnQQ</a> «Norwegian hallingdans»
11	Norsk folkemusikk	<b>Lillebjørn Nilsen: Ola Tveiten</b>	<b>Rallarvise.</b> Den industrielle revolusjon. Knallhardt arbeid. Arbeidarane blei kalla rallarar. Rallarane var flinke til å stå saman. I arbeidarmiljøa blei det dikta mange viser om den harde kvardagen. Enkel melodi, rop og svar. Sjå og lytt på YouTube: <a href="http://www.youtube.com/watch?v=GGR-0uvkOtc">www.youtube.com/watch?v=GGR-0uvkOtc</a> (Det tek litt tid før musikken kjem...)
12	Samisk folkemusikk	Mattis Hætta Ulvejoik	Joike = syngje. Lite tekst. Syng også på ulike stavingar som LA la l- lu lu osv. Personjoik. NB! Dei er det dei joikar!! Melodien byggjer vanlegvis på ein pentaton skala(5-tone skala). Fram til for få år sidan var det forbode for elevane å joike på skuleområda mange stader i Finnmark. Sjå og lytt på YouTube: <a href="http://www.youtube.com/watch?v=8P0qNaU_80I">http://www.youtube.com/watch?v=8P0qNaU_80I</a> (Ulvejoik).
13	<b>Stilart:</b> Verds- musikk	<b>Mari Boine</b> Mari Boine - Modjas Katrin	Norsk verdsstjerne. Syng på morsmålet(samisk). Blandar moderne instrument med folkemusikkinstrument. Brukar ein del skeive taktartar(7/8-delar, 5/4-delar osv.) Sjå og lytt på YouTube: <a href="http://www.youtube.com/watch?v=28nvAEwrKkw">http://www.youtube.com/watch?v=28nvAEwrKkw</a>
14	Afrikansk folkemusikk	West African Djembe Rhythms: Soli Rapide from advanced djembe solo class	Djembe = afrikanske trommer. Avanserte rytmar. Polyrytmikk. (t.d. 3-takt + 2-takt). Andre instrument: Kora: afrikansk strengeinstrument. (Laga av gresskar) ( <a href="http://no.wikipedia.org/wiki/Kora">http://no.wikipedia.org/wiki/Kora</a> )  Sjå og lytt på YouTube: <a href="http://www.youtube.com/watch?v=w1nbL2B6KPs">http://www.youtube.com/watch?v=w1nbL2B6KPs</a>  <a href="http://www.youtube.com/watch?v=G6ewcEMefw&amp;feature=related">http://www.youtube.com/watch?v=G6ewcEMefw&amp;feature=related</a>
15	Sør- Amerikansk folkemusikk	Condorcanqui - Grupo Andes	Vakre melodiar. Musikken er sterkt rytmisk og eit viktig element er synkopen. Instrument: Sikus (Panfløyte), Quena (fløyte), Charango (liten gitar), Wankara (tromme av lamaskinn). Sjå og lytt på YouTube: <a href="http://www.youtube.com/watch?v=HIGm7CaHODq&amp;feature=related">http://www.youtube.com/watch?v=HIGm7CaHODq&amp;feature=related</a>